

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 219/2012

2013/EØS/18/15

av 7. desember 2012

**om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering) og
vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”EØS-avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Delegeret kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011 av 4. mai 2011 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av klimaanlegg⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) nr. 626/2011 opphevar med verknad frå 1. januar 2013 kommisjonsdirektiv 2002/31/EF⁽²⁾, som er teke inn i EØS-avtala og difor må opphevast i EØS-avtala med verknad frå tidlegast 1. januar 2013.
- 3) Rådsdirektiv 79/531/EØF⁽³⁾ og rådsdirektiv 86/594/EØF⁽⁴⁾ som er tekne inn i EØS-avtala, er oppheva i EU og må difor opphevast i EØS-avtala.
- 4) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

I vedlegg II til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I kapittel IV vert teksta i nr. 2 (rådsdirektiv 79/531/EØF) og 3 (rådsdirektiv 86/594/EØF) oppheva.
2. I kapittel IV vert teksta i nr. 4h (kommisjonsdirektiv 2002/31/EF) oppheva med verknad frå tidlegast 1. januar 2013.
3. I kapittel IV etter nr. 4l (delegeret kommisjonsforordning (EU) nr. 1062/2010) skal nytt nr. 4m lyde:
”4m. **32011 R 0626**: Delegeret kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011 av 4. mai 2011 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av klimaanlegg (EUT L 178 av 6.7.2011, s. 1).”
4. Teksta i tillegg 1 avsnitt 7 (kommisjonsdirektiv 2002/31/EF) og i tillegg 2 avsnitt 7 (kommisjonsdirektiv 2002/31/EF) vert oppheva med verknad frå tidlegast 1. januar 2013.

Artikkkel 2

I vedlegg IV til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 11h (kommisjonsdirektiv 2002/31/EF) opphevast med verknad frå tidlegast 1. januar 2013.
2. Etter nr. 11l (delegeret kommisjonsforordning (EU) nr. 1062/2010) skal nytt nummer 11m lyde:
”11m. **32011 R 0626**: Delegeret kommisjonsforordning (EU) nr. 626/2011 av 4. mai 2011 om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av klimaanlegg (EUT L 178 av 6.7.2011, s. 1).⁽¹⁾”

⁽¹⁾ Oppført her bare for informasjonsformål – for anvendelsen, se vedlegg II om tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering.”

⁽¹⁾ TEU L 178 av 6.7.2011, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 86 av 3.4.2002, s. 26.

⁽³⁾ TEF L 145 av 13.6.1979, s. 7.

⁽⁴⁾ TEF L 344 av 6.12.1986, s. 24.

3. Teksta i tillegg 5 avsnitt 7 (kommisjonsdirektiv 2002/31/EF) og i tillegg 6 avsnitt 7 (kommisjonsdirektiv 2002/31/EF) vert oppheva med verknad frå tidlegast 1. januar 2013.

Artikkkel 3

Teksta til forordning (EU) nr. 626/2011 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 8. desember 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkkel 103 nr. 1 i EØS-avtala^(*), eller den dagen avgjerd i EØS-komiteen nr. 217/2012 av 7. desember 2012^(§) tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

Artikkkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 7. desember 2012.

For EØS-komiteen

Atle Leikvoll

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.
^(§) EUT L 81 av 21.3.2013, s. 17, og EØS-tillegget til EUT nr. 18 av 21.3.2013, s. 19.